

**Fra:** Anne Lise Molvik  
**Sendt:** fredag 18. august 2023 15:02  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** VS: Uttale frå landbruk til plassering av ny driftsbygning på gbnr 353/3

---

**Frå:** Laila Bjørge <[laila.bjorge@alver.kommune.no](mailto:laila.bjorge@alver.kommune.no)>  
**Send:** fredag 18. august 2023 14:43  
**Til:** Anne Lise Molvik <[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)>  
**Emne:** Uttale frå landbruk til plassering av ny driftsbygning på gbnr 353/3

Olav Andre Soltveit driv med ammeku og sau på Holsenøy og Radøy. Drifta har vore utegangardrift, med leige fjøsbygningar mellom anna på Landsvik. Etter at han fekk kjøpa dette bruket på Bratshaug har han ynskje å samla husdyrproduksjonen under tak i dei verste vintermånadane. Dette vil letta foring og samstundes får han samla opp husdyrgjødsel, som han kan nytta i vekstsesongen til eng og beite. Det at dyra står inne på verste vintertid sparar areala for tråkkskader, slitasje og ikkje minst næringsavrenning til bekkar og vassdrag.

Teigen der tunet ligg i dag er fulldyrka og overflatedyrka jord, det er areal som kan vera eigna til slåttemark. Han har difor planlagt den nye bygningen ute i beitelandskapet, som gjer at dyra kan forast inne på vinteren, men samstundes gå ut og inn på beite. Landbruksavdelinga ser ein del fordelar med dette, og har difor ingen merknader til at ein godkjenner slik plassering. I høve til støy, støv og lukt vil bygget ligga lenger vekk frå anna bebyggelse. I sommerhalvåret skal han framleis leiga areal på Landsvik og andre stader til sommerbeite.

Med venleg helsing

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar landbruk  
Telefon: 56 171185/45375229  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE